Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Tilleggsspørsmålnr. 8

Emne: Veving

Oppskr. av: G. B. Sørensen

(adresse): Fellingfors

Fylke: Nordland

Herad: Grane

Bygdelag:

Gard: Dalbu

G.nr. 48 Br.nr. 12

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Vadmål vov ein til mannfolk klær som vart nytta om vinteren. det var brôker og full dress. Renning og islett var av ullgar. For å få töyet fint vart det brukt i tre-skaft.

2 Til kvinnfolk vov ein til kjoler og skjort.
Til sommarbruk vov ein bomullstöy - helst rutet, og då laut ein sjölv farga garnet. Det vart då brukt firskaft.

3 a Til undertöy for mannfolk vov ein halvullstöy, med renning av bomull og islett av ull.
Til overskjorter vov ein bomullstöy med blå og raude ruter.
b. Kvinnfolk brukte og halvullstöy til kjoler og serker.
Det vart brukt i firskaft.

4 Dingomkung har vori lite brukt her.

5 Til sengetöy vov ein lerret.

9171

6 Dukar vor ein av lin, men òg av bomullsgarn - rannet eller rutet.
7 Handklar vart vovi av bomulls garn. Slike handklar fanst i alle heimar, det var inkje snakk om å kjöpe slike ting
8 Til åklar brukte ein renning av bomullsgarn og islett av ull-garn. Åklar var ålmenn av di ein brukte saueskinnsfellar. Men ein brukte òg åklar til borddyyne og til å hengja på veggen. Mönstra var helst border med friske farger som stod godt saman til einannan

## Samnne 8

1 Breidda på vadmål var vanleg 1¼ alen, men di breidare det var di betre var det.
Lengda på voven var så gjorde etter behov.
2 Breidda vart rekna i alen.

3 Tråane i renninga vart talde i basmer, ein rekna 60 tradar i ei basme
Når det vart snakka om 16 bas-mer, vart det rekna pr alen.
5 Det var ålment at ein rekna over kor mange mark det skulle gå pr alen.

9171

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING